



Høyrings-
utkast

Regional plan for verdiskaping og kompetanse



Vestland
fylkeskommune

Innhold

Samandrag	4
Bakgrunn og rammer for planen	5
Slik er det i Vestland	6
Internasjonalt retta region	6
Demografiske endringar og ujamn regional utvikling	7
Rike ressursar – men klima og natur under press	7
Kompetanse, arbeidsliv og inkludering	7
Nyskaping og digitalisering	8
Slik skal vi forme framtida i Vestland	9
Mål 1: Eit lågutsleppssamfunn med auka konkurransekraft og framtidsretta verdikjeder ...	9
Mål 2: Sirkulær og sikker forvalting av ressursane	10
Mål 3: Kunnskapsbasert nyskaping tilpassa fortrinn og utfordringar i heile fylket	10
Mål 4: Eit fleksibelt kompetansetilbod tilpassa behova til arbeidslivet	11
Mål 5: Eit utdanningsløp som aukar fullføring og betrar kvalifisering	12
Mål 6: Stabil og langvarig deltaking i arbeids- og samfunnsliv	12
Oppfølging	13

Samandrag

Vestland skapar verdiar og kompetanse for framtida

Den regionale planen for verdiskaping og kompetanse skal legge til rette for framtidig verdiskaping, relevant kompetanse og høg deltakinga i arbeidslivet i Vestland. Planen er utvikla parallelt med ein ny regional plan for areal og mobilitet. Dei to planane utfyller kvarandre.

Føremålet med denne planen er å gi overordna rammer og føringar for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefeltet i heile fylket. Planen skal knyte innsatsen mot næringsutvikling, utdanningssystemet, kompetanseutvikling og inkludering i arbeidslivet tettare saman. Han vektlegg særleg område der det er stort behov for samordning på tvers av sektorar og administrative grenser.

Planen identifiserer nokre utviklingstrekk som gir særskilte utfordringar og moglegheiter for framtidas Vestland:

- Vestland er ein internasjonalt retta region tett kopla til globale marknader gjennom handel, eksport og kunnskapsutveksling, og er ein region med høg kompetanse og erfaring med omstilling.
- Demografiske endringar og ujamn regional utvikling påverkar tilgangen på nok arbeidskraft, rett kompetanse og utfordrar grunnlaget for verdiskaping i heile fylket.
- Vestland har rike ressursar, men klima og natur er under press og auka global uro påverkar tilgang på råvarer, energi og generell forsyningstryggleik.

- Kompetansetilboda er varierte og gir eit godt grunnlag for deltaking i arbeids- og samfunnsliv, men endringstakta i samfunnet krev nytenking og omstilling for å møte behova.
- Inkludering i utdanning og arbeidsliv er essensielt for å få nok arbeidskraft i fylket og sørge for høg deltaking i arbeids- og samfunnsliv og hindre utanforskap.
- Nyskaping, innovasjon og digitalisering er sterke drivkrefter og føresetnader for verdiskaping og omstilling.

Med dette som utgangspunkt har regional plan for verdiskaping og kompetanse seks langsiktige mål. Slik skal vi forme framtida i Vestland:

1. Eit lågutsleppssamfunn med auka konkurransekraft og framtidsretta verdikjeder.
2. Sirkulær og sikker forvaltning av ressursane.
3. Kunnskapsbasert nyskaping tilpassa fortrinn og utfordringar i heile fylket.
4. Eit fleksibelt kompetansetilbod tilpassa behova i arbeidslivet.
5. Eit utdanningsløp som aukar fullføring og betrar kvalifisering.
6. Stabil og langvarig deltaking i arbeids- og samfunnsliv.

Medan planen set dei langsiktige måla, har tilhøyrande handlingsprogram strategiar som legg føringar for prioriteringar og tiltak dei første åra.



Elev og lærer på skule. Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune.

Bakgrunn og rammer for planen

Den regionale planen for verdiskaping og kompetanse skal legge til rette for framtidig verdiskaping, relevant kompetanse og høg deltakinga i arbeidslivet i Vestland.

Føremålet er å gi overordna rammer og føringar for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefeltet i heile fylket. Den skal knyte innsatsen mot næringsutvikling, utdanningssystemet, kompetanseutvikling og inkludering i arbeidslivet tettare saman. Planen vektlegg område der det er stort behov for samordning på tvers av sektorar og administrative grenser.

Vestland fylkeskommune har utarbeidd to sektorovergripande planar for verdiskaping og kompetanse og for areal og mobilitet parallelt. Dei utfyller kvarandre. Regional plan for areal og mobilitet styrer arealbruk, mobilitet og lokalisering og har retningslinjer for arealplanlegging. Regional verdiskaping og kompetanse omhandlar næringsutvikling, kompetansefeltet og arbeidslivet. Dei to nye planane erstattar fleire av dei eksisterande regionale planane. Målet er at regionale planar skal bli meir oversiktlige og handlekraftige. Det skal vurderast om det er behov for fleire sektorovergripande planar i samband med neste utviklingsplan for Vestland.

Regional plan for verdiskaping og kompetanse gir overordna regionale føringar for kommunal og statleg planlegging i Vestland etter plan- og bygningslova § 8-2. Handlingsprogrammet vil fastsette strategiar og tiltak for å følgje opp måla. Planen erstattar ikkje ansvaret og handlingsrommet til kommunane, men støttar opp under lokale val og prioriteringar i eit regionalt perspektiv.

Planen er bygd opp som ein kort og strategisk plan, med tilhøyrande handlingsprogram. Han set dei langsiktige måla, medan handlingsprogrammet har strategiar som legg føringar for prioriteringar og tiltak dei første åra. Behov for temaplanar for å følgje opp utvalde område i planen vil bli ein del av arbeidet med å utvikle eit meir detaljert handlingsprogram. Det vil bli lagt fram for godkjenning samen med det endelege planforslaget.

Oppdatering eller rulling av handlingsprogrammet vil bli vurdert årleg. Planen vil bli støtta av eit digitalt kunnskapsgrunnlag som gjer det lettare å følgje utviklingstrekk og bruke planen i praksis. Det vil bli nytta ulike indikatorar og måleparameter for å følgje opp planen.



Akvakultur – Engesund visningsanlegg i Fitjar. Foto: Sølve Dag Sundbø/Vestland fylkeskommune.

Slik er det i Vestland

Vestlendingane har bygd fellesskap langs kysten og i fjordane og utvikla sterke næringar frå ressursane i havet, jorda og vatnet. Vestland har omstilt seg når verda rundt har endra seg. Ressursane er forvalta og vidareutvikla ved hjelp av kompetanse, teknologi og innovasjon slik at det nye fylket Vestland med sine 43 kommunar i dag har ei sterk verdiskaping og høg aktivitet. Dette har ikkje vore mogleg utan ei befolkning med høg og framoverretta kompetanse og vilje til endring og omstilling. Vi skal bygge vidare på krafta i samhandling mellom folk på tvers av kommunegrenser, sektorar, næringar og forvaltingsnivå.

Vestland er i dag det største eksportfylket i Noreg, med verdiskaping av stor regional og nasjonal betydning. Vestland produserer kritisk energi som Noreg og verda treng. For å sikre verdiskaping og velferd i framtida må vi ta omsyn til globale, nasjonale og regionale drivkrefter. Klimaendringar, tap av naturmangfald, rask teknologisk utvikling, geopolitisk uro, krigføring i Europa og demokrati under press påverkar samfunnsutviklinga. Dei siste åra har særleg samfunnsstryggleik og beredskap blitt viktigare. Demografiske endringar og ein aukande tendens til sentralisering og urbanisering nasjonalt og regionalt forsterkar behovet for ein aktiv regional politikk. Vestland har ressursane, kompetansen og viljen til å forme livskraftige samfunn og grøn verdiskaping for framtida. Moglegheitene ligg i forsterka samarbeid og samordna innsats på tvers av sektorar, forvaltingsnivå og kommunegrenser.

Internasjonalt retta region

Vestland har lenge vore ein internasjonalt retta region, tett kopla til globale marknader gjennom handel, eksport og kunnskapsutveksling. Regionen har sterke og integrerte verdikjeder for eksport innan fornybar energi, olje og gass, marine og maritime næringar, prosessindustri og reiseliv. Verdikjedene er geografisk breitt forankra og tett samanvevde i heile fylket. Ulike delar av fylket utfyller og er avhengige av kvarandre.

Denne samansettinga gir oss nye moglegheiter, men gjer oss òg sårbare i møte med store globale endringar. Internasjonale og nasjonale forventningar om utsleppsreduksjon, avkarbonisering av verdikjeder og omstilling av fossile næringar legg press på verksemdar, sysselsetting og verdiskaping. Auka geopolitisk uro og proteksjonisme internasjonalt har ført til sterkare merksemd både på totalberedskap, forsyningstryggleik og samfunnsstryggleik elles. Dette fører til nye behov for kompetanse og løysingar. Desse utfordringane er felles for Noreg og resten av Europa. Ved hjelp av samarbeidsarenaer og verktøy må vi saman finne løysingar for framtida.

Vestland har òg stort potensial. Regionen har fornybar energi, sterke kunnskapsmiljø og eit næringsliv med lang erfaring frå krevjande internasjonale marknader. Framtidig konkurransekraft er avhengig av å vidareutvikle eksisterande verdikjeder og skape nye.

Demografiske endringar og ujamn regional utvikling

Vestland står overfor omfattande demografiske endringar. Fylket får fleire eldre, færre yngre og færre i yrkesaktiv alder. Prognosane til Statistisk sentralbyrå (SSB) seier at i 2031 vil det vere fleire personar over 65 år enn under 20 år i fylket. I om lag halvparten av kommunane er det slik allereie. Talet på ungdomar i den vidaregåande opplæringa vil òg minke. Dette er utfordrande for økonomien til både kommunane og fylkeskommunen og stiller krav til omstilling og effektivisering i åra framover.

Fylket har den største distriktsbefolkninga og størst variasjon i kommunestorleik av alle fylka, frå Bergen med om lag 295 000 innbyggjarar til Modalen med 400. I 2026 ligg tre fjerdedelar av kommunane i Vestland i kategorien mindre sentrale strøk i følgje SSB. Dei har dermed avgrensa tilgang til større arbeidsmarknader og ein meir sårbar nærings- og befolkningsstruktur.

Sentralisering og urbaniseringstrendar rammer distriktskommunane ekstra hardt. Dei unge flyttar vekk og kjem ikkje alltid att. Det fører til ekstra mange eldre i forhold til folk i arbeidsfør alder, noko som legg ekstra press på økonomien. Vestland har òg ei utfordringar med utvida sentralisering og urbanisering som gjer folk med høgare kompetanse flyttar frå fylket til osloregionen og utlandet.

Denne utviklinga påverkar tilgangen på nok arbeidskraft, rett kompetanse og utfordrar grunnlaget for verdiskaping i heile fylket. Moglegheitene ligg i å bruke arbeidskrafta betre, inkludere fleire i arbeidslivet og leggje til rette for kvalifisering og rekvalifisering gjennom heile arbeidslivet. I tillegg kan digitalisering og ny teknologi gjere geografi mindre vesentleg for kor folk bur og jobbar.

Rike ressursar – men klima og natur under press

Fylket har store naturverdiar som er avgjerande ikkje berre for eksportnæringane, men òg for andre næringar som reiseliv og landbruk. Naturverdiane er i tillegg viktig for livskvaliteten. Dei siste åra har det blitt fleire konflikter mellom omsyn til næringsutvikling, infrastruktur og energiproduksjon, klima og naturmangfald. Auka slitasje på naturen gjennom vekst i friluftsliv og turisme gjer det nødvendig med god besøksforvaltning for å balansere verdiskaping opp mot omsynet til naturverdiane og lokalsamfunnet.

Klimaendringane endrar rammevilkåra for næringsliv, infrastruktur og arbeidsliv. Vestland er eit av fylka som er mest utsette for ekstremvêr, flaum og skred. Det aukar risikoen for verdikjeder, logistikk og næringsverksemd, særleg i distrikta, der det er få alternative transportårer.

Klimaomstilling, geopolitisk usikkerheit og teknologisk utvikling løftar betydninga av fornybar kraftproduksjon,

kraftleidningar, forsvarsføremål og samfunnskritisk digital infrastruktur. Staten har definert desse som særleg samfunnsnyttige føremål, og forventar at statlege, regionale og kommunale myndigheiter samarbeider for å legge til rette for tilstrekkelege areal til desse føremåla.

Det er blitt tydeleg at ressursane er både det største fortrinnet vårt, men òg ein barriere. Ressursane er ikkje uavgrensa. Tilgangen på kritiske råvarer og produkt er sårbar i ein open og eksportavhengig økonomi. Vestland bør vere mindre avhengig av å importere matvarer og må ha sikre transportlinjer. Sirkulær økonomi bli eit kjerneelement i grønn omstilling og industriell politikk i både EU og Noreg framover. Når ressursar er knappe må produkt vare lenger, kunne bli ombrukte, reparerte og delte. Til slutt må dei bli omdanna til nye produkt. Særleg Noreg og Vestland har ein lang veg å gå i den sirkulære omstillinga. Ei meir sirkulær forvaltning av ressursane er avgjerande for berekraftig verdiskaping, styrkt totalberedskap og livskraftige lokalsamfunn.


Tilgang på energi er kritisk for vidare utvikling. Vestland er den største produsenten av fornybar energi i landet. Tilgang på rein, rimeleg og påliteleg energi er ein av dei viktigaste konkurransefaktorane for industri og næringsliv. Fornybar energi er avgjerande for å få til omstilling, verdiskaping og reduksjon av klimautslepp.

Energisystemet i Vestland er avgjerande for ny industri, elektrifisering, klimagasskutt frå eksisterande næringar og energitryggleik lokalt, regionalt og internasjonalt. Samstundes skal vi forvalte energiresursane våre på ein måte som tek omsyn til natur, klima og lokalsamfunn. God og påliteleg tilgang på energi til stabile og rimelege prisar er ein føresetnad for at næringslivet kan omstille seg raskt nok. Eit meir robust energisystem i Vestland vil gi store moglegheiter, men er samtidig ein kritisk barriere.

Manglande tilgang på kraft og eigna areal kan avgrense nyetableringar og vidareutvikling av verksemdar i mange kommunar. Omsynet til klima og natur set samstundes klare rammer for korleis vi kan nytte ressursane. Det gjer prioritering av ressursbruk, energieffektivisering og overgang til meir sirkulære løysingar til sentrale strategiske spørsmål for Vestland.

Kompetanse, arbeidsliv og inkludering

Vestland har sterke utdanningsinstitusjonar på alle nivå, frå vidaregåande opplæring til fagskular, høgskular og universitet. Alle dei høgare utdanningsinstitusjonane har ei viktig rolle i å bygge kunnskap gjennom forskning som gir høg kvalitet og relevant innhald i utdanningane. På fleire fagfelt har vi dei fremste internasjonale forskingsmiljøa, særleg knytt til dei internasjonalt retta verdikjedene. Det er viktig at denne forskinga tek opp i seg utfordringane som næringslivet står overfor. Tilgang på relevant kompetanse og utvikling av ny kunnskap er avgjerande for verdiskaping, omstilling og eit berekraftig arbeidsliv.



Robotteknologi. Andreas Christoffersen Kjærland/Vestland fylkeskommune.

Kompetanse handlar om meir enn formell utdanning. Det omfattar òg danning og evna til å delta i og tilpasse seg til eit arbeids- og samfunnsliv i rask endring. Alle skular, fagskular, høgskular og universitet har ansvar for at dei som går der, opplever tilhøyrse, læring og samhandling. I dag er det for mange som fell utanfor og ikkje kjem seg gjennom utdanninga, og særleg er overgangane mellom utdanningsnivåa og frå utdanning til arbeid utfordrande. Kommande generasjonar er ein viktig ressurs for fylket og representerer ei sterk kraft for nytenking, fornying og ansvar for samfunnsutviklinga.

Det å skaffe nok arbeidskraft med relevant kompetanse, er ei utfordring for alt arbeids- og næringsliv i fylket. Utdanningsaktørane i fylket bidreg med rett kompetanse, slik at nyutdanna kan bidra i arbeidslivet. I takt med endringa i kompetansebehov i arbeids- og samfunnsliv er moglegheita for å kunne både kvalifisere og rekvalifisere seg ein viktig føresetnad. Ein av dei store utfordringane som Vestland delar med resten av landet er at mange unge og vaksne står i dag utanfor arbeidslivet. Eit ope og inkluderande arbeidsliv er viktig både for å skaffe arbeidskraft og for å sikre ei god folkehelse. Eit livsløpstilpassa arbeidsliv som ivaretek særleg dei eldste arbeidstakarane vil kunne gjera at folk står lengre i arbeid. Dette vil gjere at ein får meir tilgjengeleg og erfaren arbeidskraft.

Mange personar flyttar frå fylket fordi dei ikkje får relevant jobb. Slik går fylket glipp av viktig kompetanse. Næringslivet må i større grad rekrutterer dei som blir uteksaminerte frå høgare utdanning, både norske og internasjonale kandidatar på alle nivå, òg på doktorgradsnivå.

Nyskaping og digitalisering

Det er eit aukande behov for nyskaping gjennom innovasjon, entreprenørskap og teknologiutvikling i både næringsliv og offentlig sektor. Nyskaping er ein føresetnad for å omstille og utvikle nye næringar og løysingar. Det handlar ikkje berre om å forbetre det eksisterande, men òg om å få fram ny teknologi og opne nye næringsvegane og moglegheiter på tvers av sektorar og kommunar. Samspelet på tvers i fylket mellom dei ulike næringane, kompetansemiljøa og regionane er godt i gang og legg grunnlaget for å få fram dei nye løysingane.

Den digitale utviklinga skjer raskt og påverkar heile arbeids- og samfunnslivet. Digitalisering endrar arbeidsformer, kompetansekrav og måten tenester blir utvikla og leverte på, i både offentlig og privat sektor. Det stiller òg krav om ei bevisst haldning til korleis vi vil at digitalisering og KI skal forme samfunnet vårt. Digital kompetanse er heilt nødvendig for å kunne delta i arbeids- og samfunnslivet. Ulik tilgang til digital kompetanse og infrastruktur kan forsterke sosiale og geografiske skilnader. I dag har enkelte delar av befolkninga ein låg digital kompetanse. Eldre og enkelte grupper av innvandrarar er særleg utsette for digital utanforskap. Samstundes kan digitalisering gjere det mogleg å bu og arbeide i heile fylket og sikre at offentlege tenester er tilgjengelege uavhengig av geografi.

Digitalisering er ei drivkraft og ein føresetnad for verdiskaping og omstilling i Vestland. Digitalisering er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit verkemiddel for betre ressursbruk, høgare kvalitet og auka deltaking i arbeids- og samfunnslivet. Samtidig aukar dei digitale truslane, som digitale angrep og bevisst feilinformasjon. Det er avgjerande at den digitale kompetansen aukar i takt med utfordringane.

Slik skal vi forme framtida i Vestland

I Vestland satsar vi på folk, kompetanse og, teknologi for å forme framtida. I Vestland skal vi utnytte potensialet i ny teknologi og kunstig intelligens for å styrke omstillingsevna og auke produktiviteten i både privat og offentlig sektor. Regionen skal jobbe langsiktig og systematisk med grøn omstilling i samarbeid med andre aktørar regionalt, nasjonalt og i Europa. Konkurranseskrafta i dei eksportretta verdikjedene skal aukast gjennom utsleppsfri teknologi og sirkulære løysingar og nye næringar skal utviklast basert på kunnskap, teknologi og data. Dette opnar nye moglegheiter og skaper framtidsretta arbeidsplassar. Det krev folk med rett kompetanse og eit godt og inkluderande arbeidsliv. Vi skal jobbe heilskapleg for å utdanne dyktige folk både til arbeidslivet sitt faktiske behov og for å kunne utvikle samfunnet vidare.

Dei seks måla i planen skal gi retning for den felles innsatsen vår i åra framover.

Mål 1: Eit lågutsleppssamfunn med auka konkurransekraft og framtidsretta verdikjeder

Noreg har eit mål om å redusere utsleppa av klimagassar med 90-95 prosent innan 2050 etter klimaloven § 5. Vestland er eksportfylke nummer éin i Noreg, men har òg høgast klimagassutslepp av fylka i Noreg og nokre av dei største punktutsleppa frå industrien. Fylket har derfor eit særleg ansvar for å følge opp nasjonale klimamål og vil legge desse til grunn for innsatsen. Vestland skal aktivt bidra til lågutsleppssamfunnet og framtidsretta verdikjeder. Det krev samarbeid og innsats frå privat, offentlig og frivillig sektor og sentrale kunnskapsmiljø.

Den systematiske omstillinga av dei eksportretta verdikjedene må halde fram. Næringslivet og industrien må redusere klimagassutsleppa for å vere konkurransedyktige i ein internasjonal marknad som endrar seg raskt. Å redusere utslepp er derfor ikkje berre eit klimatiltak, men òg nødvendig for marknadstilgang, investeringar og langsiktig verdiskaping i norsk og vestlandsk næringsliv.

I Vestland har vi opparbeidd eit felles kunnskapsgrunnlag, prioriterte satsingar og ei pådrivarrolle i nasjonale initiativ. Det gir eit viktig fundament for omstillinga. Prioriterte verdikjeder er energi, marine næringar, prosessindustri og maritim transport. Omstillingsløpet skal vere systematisk med forpliktande partnerskap, klare mål for utsleppsreduksjon, arbeidsplassar og verdiskaping, og samordna bruk av

verkemiddel frå utprøving til industriell drift.

Fornybar energi er ei viktig verdikjede og ein kritisk suksessfaktor for omstilling og avkarbonisering. Vasskrafta utgjer rygggraden i energisystemet i Vestland og gir høg forsyningstryggleik. Fylket har òg eit særleg ansvar i det nasjonale energisystemet. Samstundes er fylket prega av energikrevjande verdiskaping, lange avstandar og flaskehalsar i nettet. Auka effekt og produksjon må koma gjennom oppgradering av eksisterande anlegg, nye kraftutbyggingar og systematisk bruk av fleire energiformer, inkludert meir termisk energi til oppvarming. Vidare utvikling må skje med god lokal forankring og færrest moglege naturinngrep. Samtidig må innsatsen for energieffektivisering og energisparing bli intensivert. Energieffektivisering av eksisterande bygningsmasse er til dømes relevant både for private bygg og næringsbygg. Å nytte energi meir effektivt frigir energi til andre føremål og reduserer behovet for ny utbygging med risiko for store naturinngrep og konflikter i lokalsamfunna.

For å utvide næringsgrunnlaget må innsatsen for å utvikle nye kunnskaps- og teknologiintensive næringar trappast opp. Noreg er verdsleiar på registerdata. Slike data saman med andre datakjelder er ein stadig viktigare ressurs. Data av god kvalitet, som er oppdaterte, tilgjengelege og enkle å ta i bruk, kan danne grunnlag for nye næringar og tenester. Slike data kan styrkje konkurransekrafta i etablerte verksemdar, leggje til rette for innovasjon og bidra til meir effektive offentlege tenester og auka verdiskaping.

Bergen er ein viktig innovasjonsmotor i Vestland. Her er det sterke kunnskapsmiljø, eit variert og verdiskapande næringsliv og sentrale offentlege verksemdar. Byen fungerer som eit nasjonalt og internasjonalt knutepunkt for forskning, teknologi, finans, kultur og entreprenørskap. Her er òg aktørar som er sentrale i utvikling og utprøving av nye løysingar mellom anna innan hav, energi, helse, klima og kreative næringar. Samspelet mellom desse miljøa og dei store, internasjonale areal-, teknologi- og kraftintensive eksportretta næringane i resten av fylket er ein nøkkelfaktor for at Vestland framleis skal vera eit leiande verdiskapingsfylke med internasjonal konkurransekraft.

Den samla kompetansen og kapasiteten for arbeid med klimaomstilling i samfunns- og næringsutvikling må bli styrka. Det er nødvendig å samordne og vidareutvikle metodikk for å systematisk vurdere klimatiltak og for å redusere klima- og naturrisiko i investeringar og prosjekt. Innovasjon på tvers av sektorar kan gi framtidsretta løysingar både for kommunar og næringslivet.

Mål 2: Sirkulær og sikker forvaltning av ressursane

Sirkulær forvaltning av ressursar er avgjerande for å møte klimaendringar, naturtap og auka uvisse i globale verdikjeder. Omstillinga til meir sirkulær ressursforvaltning krev eit grunnleggjande skifte i korleis vi utformar produkt, tenester, forretningsmodellar og offentlege løysningar. Ressursane må bli brukt meir effektivt, bli halde i kretsløp lengst mogleg og bli mindre avhengige av knappe råvarer. Slik kan vi bidra til å redusere klima- og miljøbelastninga, skape nye moglegheiter for næringslivet og sikre at ressursane kjem både dagens og framtidige generasjonar til gode. Det kan styrke verdiskaping, totalberedskapen og livskraftige lokalsamfunn. Noreg etablerte i 2025 eit nasjonalt samfunnsoppdrag for sirkulærøkonomi. For ein region som Vestland, med sterke verdikjeder innan industri, bygg og anlegg, hav, landbruk og bioressursar, gir sirkulærøkonomi nye moglegheiter. Regionen skal byggje vidare på fortrinna sine.

Det er viktig å ta ut mindre ressursar og bruke dei så godt og lenge som mogleg. Materiale og biologiske ressursar må vere i bruk lengst mogleg gjennom ombruk, reparasjon, materialgjenvinning, deling og utnytting av restressursar. Ved å utnytte materialstraumar, restenergi og ressursar betre, vil presset på knappe råvarer, kraftressursar og areal bli redusert. Dette kan òg styrke totalberedskapen.

Ei slik omstilling krev samordna innsats. Vestland skal bygge ein kultur for sirkulærøkonomi gjennom samarbeid på tvers av forvaltningsnivå, sektorar og næringar. Kapasiteten og kompetansen i planlegging og utviklingsarbeid for kommunar, region og næringsliv må bli styrka. Planlegging kan legge til rette for sirkulære løysingar i arealbruk, offentlege anskaffingar, næringsutvikling og avfalls- og ressursforvaltning. Arenaer for deling av ny kunnskap, erfaring og god praksis må vidareutviklast.

Vestland skal fortsetje å stimulere til sirkulære løysingar i eksportretta verdikjeder. Det har blitt jobba målretta og systematisk med sirkulære verdikjeder og industrielle symbiosar, der ein legg til rette for at aktørar i eit definert geografisk område eller i ei verdikjede samarbeider tett om å utnytte kvarandre sine ressursar. Det har bidrege til meir langsiktige og strukturerte samarbeid i staden for spreidde enkeltprosjekt. Ei vidare systematisk satsing skal sikre enno tettare samspel mellom eit breitt sett av aktørar.

Sirkulariteten i andre verdikjeder og næringar med stor direkte påverknad på lokale tilhøve som landbruk, reiseliv, tekstil, bygg- og anlegg, transport og logistikk må bli styrka. For at næringslivet skal ta i bruk sirkulære løysingar, må det løne seg. Offentlege innkjøp og regelverket er sentrale verkemiddel, og offentleg sektor skal gå føre med eit godt eksempel i eiga forvaltning, politikktutforming og store anskaffingar.

Vestland har ein kritisk del av nasjonal infrastruktur og forsyningstryggleik, særleg innan energi og maritim sektor men òg innan mat og matforsyning. I ei tid med auka geopolitisk

uro, hybride truslar og klimarelaterte ekstremhendingar må vi ha ei systematisk tilnærming til korleis Vestland kan bidra til å styrke den totale nasjonale forsvars- og beredskapsena.

Vestland skal ta ei aktiv rolle i å styrke forsyningstryggleiken og sikre kritisk infrastruktur. Det er avgjerande å sikre sjølvforsyninga av både mat, reint vatn og kritiske råvarer. Meir sirkulære kretsløp for råvarer og andre innsatsfaktorar skal bidra til å redusere sårbarheita ved sterk importavhengigheit. Det krev kontinuerleg oppdatert kunnskap om kva kritiske ressursar som blir produsert, foredla og brukt i Vestland og korleis dei bidreg til beredskap både regionalt, nasjonalt og i Europa. Styrka samhandling mellom jordbruk, skogbruk, havbruk, fiskeri og bioøkonomiske næringar er avgjerande for auka forsyningstryggleiken for mat. Vidare er datasuverenitet og sikker tilgang på energi og digitale løysingar kritisk for både offentleg og privat sektor.

Auka merksemd på sirkulærøkonomi i eit meir uvisst verdsbilette gir òg nye moglegheiter for verdiskaping. Det sivil-militære samarbeidet skal bli styrka med tanke på fleirbruk og utvikling av nye produkt og tenester.

Mål 3: Kunnskapsbasert nyskaping tilpassa fortrinn og utfordringar i heile fylket

Verdiskapinga må skje i heile fylket. Det krev at både næringsliv og offentleg sektor styrker nyskaping gjennom innovasjon, entreprenørskap og teknologiutvikling.

Nyskaping og innovasjon skjer der folk vil bu, arbeide og bidra. Vestland er eit fylke med store geografiske variasjonar. Det er ein styrke, men det stiller òg krav til korleis det blir lagt til rette for vekst og utvikling. Mange kommunar står overfor felles utfordringar som korleis tiltrekke seg og behalde arbeidskraft, korleis skape attraktive lokalsamfunn og korleis bygge næringsgrunnlag som held over tid. Utfordringane kan ikkje løysast aleine. Det krev langsiktig og strategisk arbeid med næringsutvikling, stadattraktivitet og samfunnsplanlegging. Vestland skal byggje eit systematisk samarbeid på tvers av kommunar. I fellesskap skal kunnskap, erfaringar og løysingar blir delt og vidareutvikla. Kommunar og bedrifter må òg bygge omstillingskompetanse for å lukkast med dette.

Innovasjon er ikkje berre ein god ide eller ei oppfinning, men noko «nytt, nyttig og nyttiggjort». Det handlar om å skape noko nytt, som gir løysingar på store eller små utfordringar og som blir tatt i bruk. Det handlar både om radikale innovasjonar og stegvise forbetringar som bidreg til auka verdiskaping, meir effektive arbeidsprosessar og betre tenester. Innovasjon skjer ikkje av seg sjølv. Innovasjonsprosessar krev kapital, kompetanse og nettverk og aktørar som tør å satse langsiktig.

Ein innovasjonsprosess lykkast raskare og oftare med tilgang på god rådgjeving og eit velfungerande innovasjonssystem. Systemet omfattar innovasjonsaktørar, ressursar og verkemiddel som forskning, kapital, kompetanse og test- og utviklingsarenaer. Til saman reduserer det risiko og kortar ned tida frå idé til bruk og marknad. Innovasjonssystemet må støtte heile løpet frå idéutvikling og testing, til oppskalering.

Innovasjonsprosessar skjer ulikt i urbane og rurale område. I Bergensregionen er innovasjonssystema ofte kjenneteikna av høg konsentrasjon av kompetanse, kapital og møteplasar. Det gir rask informasjonsflyt og god skaleringskapasitet. I distrikta er innovasjonen oftare prega av tettare relasjonar, sterk lokal forankring og behovs- og praksisdriven utvikling. Desse systema er ikkje mindre innovative, men tempo, kapitaltilgang og oppskalering kan vere annleis. Vi skal nytte potensialet i forskjellane og styrke krafta i samarbeid på tvers.

Vestland har eit stort mangfald av dyktige innovasjonsaktørar som aktivt bidreg til å skape, støtte eller spreie innovasjon. Men det er behov for sterkare og meir robuste miljø som kan ta større oppgåver og vere relevante for dei langsiktige utfordringane og fortrinna til fylket. Sterke og robuste miljø skal ikkje bety sentralisering, men bidra til innovasjon og verdiskaping i heile fylket. Digitalisering av tenester, verktøy og samarbeidsformer bidreg til å gjere innovasjonssystemet meir tilgjengeleg uavhengig av geografi. I tillegg er ei tydeleg rolleforståing viktig. Når kvar aktør veit kva dei skal bidra med, er det lettare å jobbe målretta og lettare for bedrifter, gründerar og kommunar å finne fram til rett hjelp.

Utdannings- og forskingsmiljøa i Vestland si deltaking i innovasjon og teknologiutvikling bør bli forsterka. Forskings- og utdanningsmiljø, inkludert fagskular og vidaregåande skular skal koplust tettare saman med næringsliv og offentleg sektor. Eit slikt system vil styrke omstillingsevna, utvikling dei kunnskaps- og teknologibaserte verdikjedane og konkurransekraft i heile fylket.

Mål 4: Eit fleksibelt kompetansetilbod tilpassa behova til arbeidslivet

Vestland treng innbyggjarar med rett kompetanse som bur og jobbar i heile fylket. Det blir vanskelegare å finne folk med rett kompetanse framover, fordi arbeidslivet endrar seg, befolkinga eldast og folk bur spreidd og desentralisert. Vi må derfor utvikle kompetansetilbod som er meir tilgjengeleg og fleksible enn berre tradisjonelle opplæringsformer. Målgruppa for fleksible tilbod vil vere dei som ikkje kan reise til skule eller studiestaden for å følgje undervisninga, dei som har utfordringar med å følgje det ordinære utdanningstilbodet og dei som allereie er i arbeid.

Demografiutviklinga kan gjere at fysiske undervisningstilbod i vidaregåande opplæring ikkje er berekraftige overalt i fylket. Digitale og hybride løysingar må bli utforska for å gjere det mogleg å tilby relevant opplæring. Vidaregåande opplæring må nytte dei moglegheitene dette gir for unge og vaksne i heile fylket. Det kan føre til at lokale ønske og etablerte praksisar i større grad må vurderast opp mot regionale behov og heilskaplege prioriteringar. For å lukkast må vi derfor samarbeide for å prioritere, omstille oss og tenke nytt på tvers av sektorar og forvaltingsnivå. Dei høgare utdanningsinstitusjonane må òg nytte moglegheitene som finst for å utvikle meir fleksible kompetansetilbod. Samstundes må ikkje auka fleksibilitet på dei ulike utdanningsnivåa gå utover kvalitet, læringsmiljø og gjennomføringsgrad.

Tilgjengelege og fleksible tilbod gjer det mogleg å sikre større fagleg breidde i kompetansetilbodet på alle nivå i regionen. For å sikre både kvalifisering og rekvalifisering og at kompetansebehova til arbeidslivet i heile regionen blir ivareteke, må ikkje-formell læring og kompetanseheving på arbeidsplassen bli vidareutvikla. Dei ulike utdanningsnivåa, utdanningsinstitusjonar, studiesentera, arbeidsliv og forvaltinga må samarbeide om dette.

Fleksible opplæringstilbod er viktige for at regionen skal klare å omstille seg, anten det gjeld å utvikle arbeidsstyrken, møte klimautfordringane eller styrke beredskapen. Men viss kompetanseutvikling berre skal styrast av dei reelle behova i arbeidslivet, kan det innebere ein for smal inngang til utdanning og forskning. Kompetanse og utdanning har ein verdi for både den einskilde og samfunnet som heile. Utdanning har òg eit danningperspektiv som kjem både individ, arbeidsliv og samfunnet til gode. Grunnforskning, anvendt forskning og forskingskompetanse har stor verdi for samfunns- og arbeidsliv og må nyttast i større grad. I tillegg er det nødvendig å stimulere til utvikling av ny kompetanse og dele kunnskap på tvers av forvaltingsnivå og kompetansemiljø.

Kunnskap om kva arbeidslivet treng er ein føresetnad for å utforme treffsikre og økonomisk berekraftige tilbod. Dette inkluderer systematisk og oppdatert oversikt og innsikt i strukturelle, langsiktige kompetansebehov, kva som er meir kortsiktige behov og kva trendar som påverkar etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft på både kort og lang sikt. Dette arbeidet blir særleg viktig med tanke på den forventa utvidinga innan høgare yrkesfagleg utdanning, både når det gjeld studenttal og utdanningsnivå. Her må fylkeskommunen samle relevant informasjon for lokalsamfunna. For å få god effekt av dette arbeidet må arbeidslivet i større grad rekruttere dei som blir uteksaminerte, både norske og internasjonale kandidatar på alle nivå, òg på doktorgradsnivå.

Ei heilskapleg og kunnskapsbasert rådgjeving og rettleiing er viktig for at unge og vaksne kan gjere gode val av utdanning og karriere. Dei som står utanfor arbeidslivet eller treng å reorientere seg i arbeids- og utdanningsmarknaden, må få relevant informasjon som gjer dei i stand til å gjere val som sikrar deltaking i arbeidslivet. Rådgjevinga og rettleiinga må

vere basert på kunnskap om kva kompetanse og arbeidskraft regionen treng. Utdannings- og forvaltingsnivå må samarbeide om rådgjeving og rettleiing, slik at rådgjevinga framstår som eit heilskapleg og samanhengande system.

Mål 5: Eit utdanningsløp som aukar fullføring og betrar kvalifisering

Høge ambisjonar krev tydelege prioriteringar, bevisste val og både endringskompetanse og endringsvilje for å nå måla. Eit ambisiøst mål for høg fullføring og kvalifisering vil styrke samfunnsutviklinga til Vestland og bidra til auka livskvalitet for kvar enkelt. Å fullføre opplæringa på alle nivå gir unge og vaksne større friheit til å velje vegen vidare slik at dei kan skape seg gode liv. Det er samtidig avgjerande å oppretthalde det høge faglege kravet til elevar og studentar, slik at kvaliteten på kompetansen ikkje blir svekka.

Demografiske endringar og nye kompetansebehov utfordrar tradisjonelle førestillingar om utdanningsløpet. Dette må òg sjåast opp mot store nasjonale utfordringar som teknolog utvikling, klima, naturmangfald, samfunnstryggleik og beredskap. For å møte desse utfordringane, må vi styrke arbeidet med at fleire skal fullføre raskare både på vidaregåande og høgare nivå. Samstundes må utdanningsløpet leggje til rette for at dei som ikkje oppnår høgaste kompetansenivå, òg får utvikle relevant kompetanse og kan delta aktivt i arbeidslivet. Det føreset eit forsterka samarbeid mellom utdanning og arbeidsliv, slik at fleire får tilgang til relevante læringsarenaer og kvalifiseringsløp tett på praksis. Slik byggjer vi bru mellom opplæring og arbeid, og legg grunnlaget for eit inkluderande og berekraftig arbeidsliv med plass til fleire.

Høg kvalitet i på alle nivå frå barnehage til universitet er grunnlaget for at fleire elevar, lærlingar, vaksne og studentar fullfører og kvalifiserer seg. Høg fullføring og relevant kvalifisering for unge og vaksne er avgjerande for deltaking i arbeidslivet, for å hindre utanforskap og for å dekke kompetansebehova i arbeidslivet. Alle utdanningsinstitusjonar arbeider kontinuerleg med kvalitetsutvikling. Arbeidet blir styrka gjennom tett samarbeid, kunnskapsdeling og forskingsbaserte tilnærmingar. Trygge og inkluderande læringsmiljø fremjar helse, tilhøyrse, trivsel og læring og er avgjerande for at fleire fullfører utdanningsløpet sitt. Vestland må derfor gå føre med førebyggjande arbeid og inkluderande praksisar i tett samarbeid med relevante aktørar.

Mange opplever at det er vanskeleg å gå frå eit utdannings-trinn til det neste, eller å gå frå utdanning til jobb. Dei som ikkje greier desse overgangane, står i større fare for å falle ut av utdanning eller arbeidsliv. Og når nokon først har falle ut, er det ofte vanskeleg å kome tilbake. For å hindre dette må fleire aktørar arbeide systematisk og heilskapleg med til dømes praksis i opplæringa og tettare oppfølging. Slik kan relevansen til arbeidslivet bli sterkare og overgangane gjennom heile utdanningsløpet bli smidigare. Dette krev at eit breitt spekter av lærings- og samarbeidsarenaer blir tekne i bruk, òg utanfor dei tradisjonelle utdanningsløpa. I tillegg må relevante og fleksible tilbod for vaksne sikre at fleire kan

kvalifisere, omskulere eller rekvalifisere seg. Slik kan folk få den kompetansen som er relevant for lokalt arbeidsliv og komme seg i jobb igjen.

Mål 6: Stabil og langvarig deltaking i arbeids- og samfunnsliv


Når arbeidskrafta er knapp og økonomien er pressa, har vi ikkje råd til at folk står utanfor arbeidslivet. Vestland vil derfor jobbe for høg deltaking i arbeids- og samfunnsliv og dermed motverke utanforskap. Eit ope og inkluderande arbeidsliv er essensielt. At arbeidslivet er ope betyr at det ikkje er passive barrierar i vegen for dei som ynskjer å arbeide. Eit inkluderande arbeidsliv legg aktivt til rette for at eit mangfald av arbeidstakarar skal kjenne seg velkomne og ønskte i arbeidslivet. Ei grunnhaldning om at mangfald er ein styrke, vil gi plass til fleire i arbeidslivet. Dette er svært viktig både for livskvaliteten til enkeltmenneske og for arbeidsliv og verdiskaping.

Mange som ikkje jobbar i dag, kunne ha gjort det dersom arbeidslivet var meir fleksibelt. Tiltak som støttar stabil og langvarig arbeidsdeltaking må bli styrka. Det kan til dømes vere gode overgangar mellom arbeid og utdanning, moglegheit for kvalifisering og rekvalifisering og fleksible rammer i seinare yrkesfase. Det er viktig å vidareutvikla innsatsen for å sikre god norskkompetanse og digital kompetanse, spesielt for vaksne med innvandrarbakgrunn. Vidare kan fleksible deltidslysingar, og det å kombinere opplæring og arbeid, gjere at fleire kan stå i arbeid.

Eit arbeidsliv i endring gjer det nødvendig med fleksible arbeidsformer. Digitale lysingar, god infrastruktur og teknologisk kompetanse gjer at kan fleire delta, mellom anna gjennom fjernarbeid og hybridlysingar. Det kan bidra til stabil og høgare yrkesdeltaking i fleire delar av fylket. Vi må derfor styrke moglegheitene for eit godt tilrettelagt fjernarbeid. Det kan òg redusere transport og utslepp, og fleire kan busette seg i distrikta sjølv om jobben er lengre unna.

Diskriminering, både strukturell og individuell, er ei av årsakene til at mange står varig utanfor arbeidslivet. Tiltak for inkludering og mangfald kan krevje ressursar og tilrettelegging som utfordrar enkelte verksemdar. Arbeidslivet må få betre føresetnader for å sikre like moglegheiter og skape inkluderande arbeidsmiljø. Det bidreg til betre arbeidsmiljø, meir effektiv bruk av ressursar og auka verdiskaping. Det styrker òg den sosiale berekrafta og reduserer skilnader, samstundes som verksemdar står sterkare i konkurransen om relevant arbeidskraft.

Frå eit folkehelseperspektiv er det klart at høgare deltaking i arbeids- og samfunnsliv vil føre til meir meningsfulle liv og meir reell moglegheit til deltaking i demokrati for alle. Arbeidet med inkludering styrker demokratiet, samfunnstryggleiken og beredskapen. Eit samfunn som er splitta av kjønn, etnisitet eller verdiar, er meir sårbart. Frivillig kultur- og organisasjonsliv er viktige arenaar for meistring og fellesskap og kan for mange vere ein god inngang til utdanning og arbeidsliv.



Ut på tur Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune.

Oppfølging

Etter plan- og bygningslova § 8-2 skal regional plan leggast til grunn for fylkeskommunal og kommunal planlegging og verksemd, og for statleg verksemd i regionen. Dette inneber at statlege etatar, fylkeskommunen og kommunane er forplikta til å følgje opp og ta omsyn til den regionale planen i planlegging og avgjerder.

Vestland fylkeskommune skal ta ei aktiv samordnarrolle på tvers av forvaltingsnivå og sektorar. Gjennom strukturerte samarbeidsarenaer og tydeleg rolleavklaring skal innsats og verkemiddel rettast mot felles mål. Samordning styrkar gjennomføringskrafta og gjer det mogleg å utnytte kunnskap, ressursar og investeringar betre i heile fylket. Vestland fylkeskommune forvaltar òg eigne sektorar, kompetanse og inkludering er sentrale område i dette arbeidet. Gjennomføring av planen krev felles eigarskap, realistiske ambisjonar og tydeleg ansvar.

Oppfølging og gjennomføring av planen føreset aktiv medverknad frå aktørar på alle forvaltingsnivå. Kommunane har ei nøkkelrolle som lokale samfunnsutviklarar, planstyresmakter og arbeidsgjevarar. Dei er avgjerande for å omsetje regionale prioriteringar til lokal handling. Statlege aktørar spelar ei sentral rolle i å sikre samanheng mellom regionale mål og nasjonale føringar. Partane i arbeidslivet bidreg med

kunnskap om arbeidsmarknaden, kompetansebehov og gjennomførbare løysingar i møte med omstilling. Næringslivet er avgjerande for verdiskaping, innovasjon og utvikling av arbeidsplassar, medan kunnskaps- og kompetanseaktørar bidreg med forskning, utdanning og kompetanseutvikling tilpassa behova i arbeidslivet. Ulike samordningsorgan og partnerskap spelar ei viktig rolle i å samle aktørar, dele kunnskap og samordne innsats på tvers av nivå og sektorar.

Planen peikar ut strategisk retning og prioriteringar, medan handlingsprogrammet er det sentrale verktøyet for gjennomføring. Handlingsprogrammet skal konkretisere prioriterte strategiar gjennom tiltak, ansvarlege aktørar, verkemiddel og tidsrammer. Programmet gjeld for fire år. Vi skal kvart år vurdere om det skal rullerast, med justeringar baserte på resultat, ny kunnskap og endra rammevilkår.

Gjennomføring av planen krev kontinuerleg innsats for å tilpasse verkemiddel. Bruken av verkemiddel må vere dynamisk og basert på behov. For å lukkast med å nå måla i planen, må vi både utfordre nasjonal politikk og utvikle relevant politikk og verkemiddel regionalt og lokalt. Gjennomføring av handlingsprogrammet krev god oversikt over kva verkemiddel som finst, korleis dei kan bli nytta og kva nye verkemiddel eller konkrete verktøy det er behov for.


Følgjande typar verkemiddel er identifisert:

- Økonomiske verkemiddel
- Samhandling og møteplassar
- Politiske verkemiddel
- Kunnskapsinnhenting og analyse
- Forvaltingsmessige verkemiddel
- Forsking og utvikling
- Juridiske verkemiddel
- Internasjonalt samarbeid

Ei detaljert oversikt vil ha avgrensa relevans i eit langsiktig og overordna planperspektiv. I oppfølginga og vidare konkretiseringa av handlingsprogrammet vil det bli jobba systematisk med å utvikle regionale verkemiddel og påverke nasjonal politikk og innretting på nasjonale verkemiddel.

Oppfølginga skal vere kunnskapsbasert, open og lærande, og inngå som ein del av den ordinære styringa og rapportering i fylkeskommunen.

Ei digital ordliste for sentrale omgrep og kunnskapsgrunnlaget for planarbeidet er tilgjengeleg digitalt. Fylkeskommunen skal utarbeide ein overordna rettleiar for plansystemet og planprosessar. Meir informasjon om krav til målstruktur, indikatorar, rapportering og revisjon av regionale planar, vil bli å finne der. Rettleiaren vil bli lagt ut på nettsida til fylkeskommunen når den er klar.



vestlandfylke.no